

Store og kreative tankar om eit klatre- og aktivitetssenter i Uskedalen.

14.09.2019



Iwan Thomson frå arkitektfirma LALA Tøyen har fått oppdraget med å laga ein mulighetstudie og eit skisseprosjekt.

Prosjektgruppa for Klatre- og aktivitetssenter i Uskedalen inviterte til ope møte torsdag i denne veka. Frammøte var godt og det kom fram kreative tankar om kven som er brukargruppa, om innhaldet, om plassering og ikkje minst om utsjånad og estetisk uttrykk slik bygget ligg samlokalisert med skulen i sentrum og tett i strandsona. Representantar frå kommune, fylkeskommune og SpareBank 1- stiftinga, Kvinnherad var med på møte.

Før Iwan Thomson frå arkitektfirma LALA Tøyen orienterte om prosjektet så langt, hadde Kristian Helgesen, idrettskonsulent i Kvinnherad, ei innleiing om trendar og endringar i behov når det gjeld trening og fysisk aktivitet. Det er viktig å tenkja fleirbruk, det å fylla bygget med mange aktivitetar for ei variert brukargruppe. Eigenorganiserte aktivitetar er in for tida.

Bjørg Laursen frå Fylkeskommunen understreka dette med behov og framtidig bruk. Jenter er ei svak brukargruppe. Berre 6 % av jenter i alderen 11 - 16 år er fysisk aktive. I nye prosjekt må det gjerast noko for å endra på dette.



Prosjektgruppa for Klatre- og aktivitetssenter i Uskedalen. F.v: Chris Fossli, Steinar Haugland, Vigdis Gammelsæther og Michael Røssland. Remi Stafsnes var ikkje med då bilete vart teke.

Etter ein anbudsrunde fekk LALA Tøyen oppdraget med å laga ein mulighetsstudie og seinare eit skisseprosjekt. Arbeidet skal leia fram mot eit forprosjekt. Ein mulighetsstudie skal sei noko om behovet, engasjement, aralbruk, plassering og kostnad. Den fyrste delen av dette arbeidet skal vera klar innan 2 veker. Lokal og regional medverknad er viktig. Ja, eit senter som dette bør faktisk tenkja nasjonalt med støtte frå Innovasjon Noreg.

Dei fire gruppene på møte fekk to oppgåver:


1. Kva er behovet og kva brukargrupper skal inn i bygget ?
2. Kva er identiteten til senteret og kva uttrykk/merkevare skal bygget gje ?

I drøftingane kom det fram mange og store tankar om eit klatre- og aktivitetssenter i Uskedalen. Inspirasjonen og grunnlaget må gå ut frå landskapet med Ulvanoso og fjorden, og vidare eit rikt og variert friluftsliv og kulturelle aktivitetar i bygget. Ein innbydande resepsjon med kafe/mat vil vera viktig for å skapa ein inkluderande møteplass.



Både Kvinnherad kommune og Vestland Fylke var representert på møte. F.V: Kristian Helgesen, Bjørg Laursen og Anbjørn Høvik.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ei av fleire skisser som syner det nye senteret med mellom anna plassering av eit klatretårn.